



Hordaland fylkeskommune v/postmottak  
Kultur- og idrettsavdelinga  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3845 - 16/24213

Saksbehandlar:  
Simon Walther Grandahl  
Simon.Grandahl@lindas.kommune.no

Dato:  
09.09.2016

## Den kulturelle spasersteokken: Rapport for bruk i 2015 (DKS 2014)

Tildeling Lindås kommune		Kr. 85.000,-
		Tal brukarar (plassar/snitt)
<b>Arena</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Knarvik sjukeheim:</b><ul style="list-style-type: none"><li>- Institusjon 73</li><li>- Seniorsenter 60</li></ul></li><li>• <b>Lindås bu- og servicesenter</b> 26</li><li>• <b>Såta bu- og servicesenter</b> 12</li><li>• <b>Ostertunet:</b><ul style="list-style-type: none"><li>- Omsorgsboliger 20</li><li>- Seniorsenter 15</li></ul></li><li>• <b>Dagsenter i Alversund</b> 5</li><li>• <b>Eldrerådet</b> Eldredagen</li></ul>	

Tiltak		Tal Arr.	Tal Arena	Tal Delt/snitt
<b>Tiltak 1</b>	Song- og dansetilstellingar	31	5	60
<b>Tiltak 2</b>	Konsertar og jazzkafè og festar	23	6	60
<b>Tiltak 3</b>	Lyrikk, scenekunst, foredrag	3	2	35
	Tur	1	1	60



### **Tiltak 1: Song- og dansetilstellingar**

Arrangement med song og musikk er 1. prioritert i kulturarbeidet for mottakarane av den kulturelle spaserstokken.

Dei ulike arenaene har regelmesig program – eigne krefter, frivillige eller innleide musikarar som tar ansvar for tema/sjanger.

Programposten det inviterast til er anten «syng med oss» eller «dans på lokalet»

Brukarane er kjend med ramma, men kan oppleve eit mangfald av musikalske opplevingar i løpet av året.

Det kan være trekkspel, swing, gamalpopp eller allsong basert på årstider/høgtider, ein kjend komponist eller eit bestemt tema.

### **Tiltak 2: Konsertar, jazzkafè og festar**

90% av dei musikalske innslaga i dette tiltaket er finansiert frå den kulturelle spaserstokken.

I 2015 har vi m.a. hatt besøk av koret «Kulturkammeratene» som hadde bergenssanger på reportoare.

Pianist Maria Gilberg Spikkeland og gitarist Gillian Gjelsvik har også holdt flotte konsertar, i tillegg til Katarina Lunde og Andreas Eikrol på kontrabass, gitar og vokal.

### **Tiltak 3: Lyrikk, scenekunst, foredrag**

Ved Knarvik sjukeheim/Seniorsenteret i Knarvik står opplesing/lyrikk regelmesig på programmet. Ofte er det seniorar og tilsette som les dikt og korte forteljingar.

I 2015 har vi innanfor scenekunst hatt besøk av kompani Krapp, og folkenarren Claus Sellevoll skapte stor stemning med si framsyning på vårfesten.

I juni kunne seniorane delta på tur med dampskipet Oster. Denne turen vart finansiert med eigenandel og DKS.

Med helsing

Simon Grandahl  
Kst.einingsleiar

Wenche Medaas  
Adm. sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Regnskap 2015

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune  
v/postmottak

Kultur- og  
idrettsavdelinga

5020

BERGEN